



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 31.10.2012  
**Tid:** 09:00- 16:05

## Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF

## Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenter
------	----------	-----------

## Andre

Namn	Møtte for	Reprenter
Thoralf Røen	Utvaleiar	AP
Annar Westerheim, for utvalseiar Torstein Grimen	Nestleiar	AP
Sigurd Andre Maraas	Gruppeleiar	FrP

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Kristin Meland	Møtereferent
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit H. Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Halvard Wiik	Kontor- og personalsjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Tore Nesbø	Driftsleiar

*Wenche Tislevoll*

Wenche Tislevoll  
Ordførar

Agnar Aarskog

Arne Prestbø

*Kristin Meland*

Kristin Meland  
Møtereferent

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukket</b>
PS 83/12	Godkjenning av protokollar	033
PS 84/12	Meldingssaker	033
PS 85/12	Saker handsama etter delegering	033
PS 86/12	Budsjett 2013 og langtidsplan 2013 - 2016	150
PS 87/12	I gongsetjingsvedtak Losjehuset	
PS 88/12	Bustadløysing for vanskelegstilte i Fitjar.	600
PS 89/12	Seniorsenter i Fitjar	
PS 90/12	Stortingsvalet 2013 - fullmakt til valstyret	011
PS 91/12	Engesund Fiskeoppdrett - serveringsløyve	U63
PS 92/12	Utbygging av småkraft på Stordøya	S11
PS 93/12	Adresseprosjekt i Fitjar	L32
PS 94/12	Innløysing av andeler i kraftlag	
PS 95/12	Eventuellt attkjøp av eigedom i Håkonar Næringspark	600
PS 96/12	Ymse	033

## **PS 83/12 Godkjenning av protokollar**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokollar frå møte 27.06.12 og 12.09.12.

### **Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 84/12 Meldingssaker**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

Prognose og rekneskap i same sak er forvirrande. Formannskapet ber om at hovedfokus i saka for ettertida vert lagt på prognosen.

Formannskapet drøfta budsjettrapporten og kom med slikt framlegg.

Formannskapet ber organisasjonen om å begrense innkjøp og andre utgifter så mykje som mogleg for resten av året.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Formannskapet tek meldingssakene til vitande. Formannskapet ber organisasjonen om å begrense innkjøp og andre utgifter så mykje som mogleg for resten av året.

**PS 85/12 Saker handsama etter delegering****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek delegeringssakene til vitande.

**Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:****Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 86/12 Budsjett 2013 og langtidsplan 2013 - 2016****Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan tilråding.

**Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:****Utdelt i møtet:**

Oversikt over aktive og passive tiltak.

Magnhild Grov frå NAV informerte om bustadsituasjonen for vanskeligstilte og rusomsorga i kommunen.

Harald Johan Sandvik frå Fitjar kyrkjelege fellesråd orienterte om søknad om tilskot til budsjetthandsaminga.

Utvalsleiar for Oppvekst og omsorg Toralf Røen, nestleiar i Utval for plan og miljø Annar Westerheim og gruppeleiar Sigurd Andre Maraas var og tilstades under handsaming av budsjettsaka.

Rådmannen orienterte om at langtidsplanen 2013-2016 vil bli lagt føre i neste formannskap den 14.11.2012.

Administrasjonen og etatsleiarane informerte om budsjettet for sine respektive einingar.

**Vedtak:**

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

**PS 87/12 I gongsetjingsvedtak Losjehuset****Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune gjennomfører kjøp av Losjehuset no med ramme på kr 380 000,-. Kjøp av hus kr 275 000,- og kr 105 000,- til del av opprusting.

## **Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

### **Vedtak: (4 mot 1 (AP))**

Som framlegg.

## **PS 88/12 Bustadløysing for vanskelegstilte i Fitjar.**

### **Framlegg til vedtak:**

Rådmannen får fullmakt til å inngå leigeavtale om tomt for inntil 2 år med opsjon for 2 år, med føremål å plassere eit modulbygg med 3 bueiningar og 1 kontoreining på. Det må vidare lagast anbudsgrunnlag for leige, eventuelt kjøp av «bygg», og naudsynte løyve til tiltaket må sikrast.

Rammer for eit eventuelt kjøp må ein koma attende til.

## **Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

### **Vedtak: (3 mot 2 (Prestbø og Aarskog) )**

Som framlegg.

## **PS 89/12 Seniorsenter i Fitjar**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap tar rapporten frå prosjektgrunna til vitande.

Formannskapet ber prosjektgruppa arbeida vidare med ekstern finansiering, og søkja avklart kor stor del av prosjektet som Fitjar Kultur- og idrettsbygg skal finansiera, og korleis midlar til dette skal finnast.

Det er ein føresetnad for vidare arbeid med prosjektet at kommunen ikkje skal ha kostnader knytt til drifta av senteret.

## **Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

**Representanten Agnar Aarskog (AP)** sa seg ugild i saka som styreleiar i Fitjar-kultur og idrettsbygg.

Representanten vart samrøystes erklært ugild og gjekk frå møtet. Toralf Røen var kalla inn, og møtte for Agnar Aarskog.

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt, nytt framlegg:

Fitjar formannskap tek rapporten frå arbeidsgruppa til vitande og ser positivt på etablering av eit seniorsenter.

Formannskapet ber prosjektgruppa arbeida vidare med ekstern finansiering, og avklara korleis Fitjar Kultur- og idrettsbygg kan bidra i totalprosjektet.

Ein oppmodar arbeidsgruppa om å komme fram til ein tenleg avtale med biblioteket om sambruk av lokalet.

Det kan ikkje påreknast at kommunen kan yta årlege driftstilskot til senteret.

Ein ber arbeidsgruppa leggja fram endeleg kalkyle/finansiering- og driftsplan innan 31.01.2013

**Røysting:**

Framlegget frå formannskapet samrøystes vedteke.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg frå formannskapet.

**PS 90/12 Stortingsvalet 2013 - fullmakt til valstyret**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak.

I medhald av vallova § 4-2 får valstyret fullmakt til å oppnemna røystestyre i inneverande valperiode 2011-2015.

**Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

I medhald av vallova § 4-2 får valstyret fullmakt til å oppnemna røystestyre i inneverande valperiode 2011-2015.

**PS 91/12 Engesund Fiskeoppdrett - serveringsløyve**

**Framlegg til vedtak:**

Engesund Fiskeoppdrett AS sin søknad om serveringsløyve vert stetta slik:

1. Engesund Fiskeoppdrett AS, org.nr. 944819967 får med heimel i Serveringslova § 3 løyve til å driva serveringsverksemd i tilknytning til sin visningskonsesjon, for tida plassert ved Dyrholmen-aust i Fitjar kommune.
2. Namnet på serveringsstaden er Engesund Fiskeoppdrett Visningscenter, og løyvet gjeld ombord på flåten som er etablert til dette føremålet.
3. Lisa Instefjord, fødd 24.04.1982 vert godkjent som dagleg leiar og styrar for løyvet.
4. Dagleg leiar har ansvar for at reglane i *Lov om serveringsvirksomhet*, og då spesielt kap. 3, vert etterlevd.

**Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 92/12 Utbygging av småkraft på Stordøya**

**Framlegg til vedtak:**

Saka blir lagt føre utan tilråding. Vedtak utformast i møte.

### **Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

Formannskapet drøfta saka og kom med slikt framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap ser at naturverdiane i dei nemnde vassdrag gjer det lite aktuelt å byggja ut. Prosjekta er heller ikkje særleg lønsame. Fitjar kommune ynskjer difor ikkje utbygging av elvane i Fitjar.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 93/12 Adresseprosjekt i Fitjar**

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap tek høyringsdokumentet til vitande.

Formannskapet nemner opp fylgjande medlemmer i namneutvalet:

- 1.
- 2.
- 3.

Rådmannen peikar ut sekretariat for prosjektet.

### **Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

**Representanten Harald Rydland (Krf)** kom med framlegg om å utvide nemnda til 5 personar, ein frå kvar krins. Formannskapet stetta ikkje dette forslaget.

**Representanten Lars Ove Rimmereid (SP)** kom med følgjande framlegg til medlemmar:

Annar Westerheim  
Magnar Kloster  
Torhild Lunestad Andersen

Reservar; Johannes Lars Tufteland og Martha Waage  
Representantane er ikkje spurde. Arbeidet tek truleg til på nyåret.

**Representanten Agnar Aarskog (AP)** kom med innspel til ordførar om å ta kontakt med posten for å få endra postnummer for innbyggjarar i Dåfjord og på Eide til postnummer 5419. Det vert i dag brukt 5410 Sagvåg og 5414 Stord på desse.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar formannskap tek høyringsdokumentet til vitande.

Formannskapet foreslår fylgjande medlemmer i namneutvalet:

1. Annar Westerheim
2. Magnar Kloster
3. Torhild Lunestad Andersen

Reservar Johannes Lars Tufteland og Martha Waage.

Ordførar får fullmakt til å setja saman nemnda.

**PS 94/12 Innløysing av andeler i kraftlag**

**PS 95/12 Eventuellt attkjøp av eigedom i Håkonar Næringspark**

**PS 96/12 Ymse**

**Framlegg til vedtak:**

**Behandling i Formannskapet - 31.10.2012:**

Ordførar orienterte om

1. Eigedomssak i Håkonar Næringspark, lukka jfr. § 31.3 i kommunelova.
2. Dokken i Årskog, søknad om fjerning.

Representanten Agnar Aarskog (AP) hadde spørsmål om hjartestarter på rådhuset/legekontoret. Det bør være på rådhuset. Formannskapet ønskjer meir orientering om dette.

**Vedtak:**